



Ing. Stein Hallgren
Tjuvikveien 4
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4978 - 14/27018

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2014

Løyve til igangsetting - gbnr 137/351 Alver - containergarasje til reinseanlegg

Tiltakshavar: Lindås kommune v/teknisk drift
Ansvarleg søkjar: Ing. Sten Hallgren VVA planlegging AS, 5108 Hordvik
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av containergarasje til eksisterande reinseanlegg med bygd areal (BYA) på ca. 37m².

Kommunen har i vedtak av 15.09.2014 gjeve rammeløyve.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.10.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.10.2014 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Føretaket Alversund Maskinstasjon org.nr. 937664044 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) graving og betongarbeid.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket Byggmester Yngve Ellingsen AS org.nr. 970007180 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) byggetekniske arbeider, tømmer.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Føretaket Soby Miljøfilter AS org.nr. 942504446 har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet utførande (UTF) installasjon av mekanisk utstyr for VA-anlegg.
Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av containergarasje på vilkår gjeve i rammeløyve.

Med heimel i plan- og bygningslova §23-3 jf. §§23-6 gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Føretak	* L/S	Funksjon/tiltaksklasse/ansvarsområde	Org. nummer
Alversund Maskinstasjon AS	S	UTF, T1, graving og betongarbeider	937664044
Byggmester Yngve Ellingsen AS	S	UTF, T1, byggtekniske arbeider, tømring	970007180
Soby Miljøfilter AS	S	UTF, T1, installasjon av mekanisk utstyr	942504446

*L= lokal godkjenning, S= sentral godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2 Søknadspliktige tiltak	Gebyr
10.2.8 Igangsettingsløyve	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x3	Kr. 3.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 5.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune v/teknisk drift Kvernhusmyrane 5914 ISDALSTØ
20

Mottakarar:

Ing. Stein Hallgren Tjuvikveien 4 5108 HORDVIK